



KULTURMINNE- RETTLEIAR

- Å EIGA EIT KULTURMINNE



INNHALD

4	Innleiing
6	Ansvar
8	Søknadsplikt og saksbehandling
12	Bygningsvern og vedlikehald
18	Byggeskikk i Hå
28	Arkitektoniske stilartar i Hå
36	Føresegner og lovverk
37	Andre aktuelle lenker

Etter eit omfattande kartleggingsarbeid over fleire år, har Hå kommune vurdert eit utval på 297 bygningar og kulturobjekt som kulturminne med særskilte kvalitetar som må takast vare på. Desse kulturminna er listeførte og verna i kommuneplanen. Eit eige temakart syner kvar i kommunen kulturminna er lokaliserte.

I nasjonal kulturminnepolitikk er «kulturmiljø» innført som eit samleomgrep for kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Omgrepet er innført for å understreka verdien av å sjå kulturminna som del av ein heilskap og samanheng.

Kulturmiljøa i Hå har god geografisk spreiding frå Moivika i sør til Refsnes i nord. Utvalet består av både private og offentlege objekt og miljø, og dei fleste blir godt vedlikehaldne av private og offentlege eigarar.

I tillegg til bygg frå 1800- og tidleg 1900-tal, har registreringa òg inkludert

gode og representative bygningar frå heile 1900-talet. Nokre få bygningar frå 2000-talet er òg tekne med grunna god tilpassing og arkitektur. Desse er gode døme på dagens og framtidas jærsker byggeskikk.

Kulturverdiane er eit felles ansvar. I første hand kviler det daglege vedlikehaldsansvaret på eigar/ grunneigar. Offentlege instansar har eit overordna ansvar. Hå kommune har ei eiga kulturvernaving som tilbyr rådgiving for innbyggjarane og som tek i vare private og offentlege kulturminne.

Føresegnene i kommuneplanen set krav om at kulturminne og -miljø som hovudregel skal bevarast. Dette inneber at anbefalingane i denne rettleiaren bør følgast ved søknadspliktige tiltak. Vesentlege og/ eller større avvik frå denne vil ikkje vera i tråd med føresegnene, og søknad om slike tiltak vil derfor kunna få avslag.



Verna og freda kulturminne i Hå kommune

- 2 nasjonalt freda anlegg
 - Obrestad fyr og Obrestad hamn
- 16 omsynssoner for kulturmiljø
- 17 omsynssoner rundt krigsminne
- 6 omsynssoner rundt samferdsel

Kategori	Tal
Landbruk inkl. 66 jærhus	89
Kystkultur	55
Samferdsel/kommunikasjon	23
Tettstad	62
Off. institusjonar (inkl.religion)	63
Nyare byggeskikk	4
Totalt	297

Eigar sitt ansvar

Dei fleste verna bygningane i Noreg er i privat eige. Med god grunn er dei fleste eigarane stolte av husa sine, og dei skal ha æra for at dei med jamt vedlikehald bidreg til å sikra dei kulturminna vernestyresmaktene har peika ut som særst verdfulle.

- Alle som eig eit hus eller ein eigedom er nøydd til å sjekka kva planar og reglar som gjeld for eigdommen, før dei set i gang tiltak som krev søknad i høve plan- og bygningslova (PBL) § 20 - 1.
- Har du planar om større vedlikehald eller endringar på eit verna kulturobjekt, eller i eit verna kulturmiljø, må du kontakta kulturvernavdelinga i Hå kommune før du set i gang.



Offentleg ansvar

Kommunane kan vedta vern av kulturminne/kulturmiljø av kommunal verdi. Dette kan gjerast gjennom fastsetting av omsynssoner jamfør PBL § 11 – 8 c.

- Hå kommune har forvaltningsansvar for kulturminna i kommunen. Kommunen si kulturvernavdeling koordinerer dette arbeidet. (Sjå 1.7).
- Fylkeskommunen har eit overordna ansvar for kulturminne av regional og nasjonal verdi. Dette gjeld kulturminne frå nyare tid og automatisk freda kulturminne. Fylkeskommunen har ansvar for freda bygningar og kulturmiljø (i Hå kommune gjeld dette berre Obrestad fyr og Obrestad hamn).

Rådgiving

Kulturvernavdelinga i Hå kommune tilbyr rådgiving som skal:

- bidra til at eldre bygningar blir brukt, forvalta, sett i stand og utvikla på ein god måte.
- gi eigarane tilstrekkeleg informasjon til å kunna velja løysingar tilpassa bygget sin alder, konstruksjon, materialbruk og stil.
- redusera byggskadar og tap av kulturhistoriske verdiar ved å gi god informasjon til, og betra rammevilkåra, for eigarane.

Kontakt oss via servicetorget eller send ein e-post til:

kulturvern@ha.kommune.no

SØKNADSPLIKT OG SAKSBEHANDLING

Lovar og føresegner

For nye hus og bygg finst det lovar og føresegner som skal sikra kvalitet og tryggleik. Eldre bygningar held vanlegvis ikkje same standarden, men på ein forsvarleg måte, i tråd med dei kommunale føresegnene, kan dei likevel haldast ved like, byggast på eller byggast om til moderne bruk.

Ved alle søknadspliktige endringar skal kommunen i høve PBL § 31-1 «..se til at historisk, arkitektonisk eller annen kulturell verdi som knytter seg til et byggverks ytre, så vidt mulig blir bevart.»

Då det er stor variasjon av kategoriar blant dei verna bygga i Hå kommune, er det umogleg å koma med detaljerte råd som gjeld for alle. Kommuneplanen har difor føresegner som krev at eigarane tek kontakt med Hå kommune for fagleg rettleiing før dei set i gong med tiltak.

Tiltak utan søknadsplikt

Normalt vedlikehald og reparasjon av bygningsdelar som i materialbruk og utsjåande er identiske med dei opphavlege er ikkje søknadspliktige tiltak.

Tiltak med søknadsplikt

Tiltak som er søknadspliktige i høve PBL § 20–1 inkluderer mellom anna:

- Fasadeendring - endring av vinduer, dører og andre bygningsdelar
- Takendring og/eller etterisolering av bygg
- Påbygg eller tilbygg
- Riving



Kva er normalt vedlikehald?

For deg som eigar kan det somme tider vera vanskeleg å avgjera kva som er normalt vedlikehald. Dersom du er i tvil må kontakta kulturvernavingdelinga i Hå kommune for rettleiing.

Tilbakeføra til tidlegare utsjånad?

For hus eller bygg som er ombygde og endra gjennom tidene, kan det vera aktuelt å tilbakeføra heile eller delar av bygningen til tidlegare utsjånad. Føresetnaden er at tidlegare utsjånad kan dokumenterast med teikningar eller fotografi. Slikt arbeid skal gjerast i samråd kulturvernavingdelinga.

Kontakt oss via servicetorget eller send ein e-post til:

kulturvern@ha.kommune.no

Saksbehandling

Ønsker du å gjera tiltak på ein eigedom som du veit eller trur er verna?
Slik går du fram:

Steg 1 **Kva vern og føresegner gjeld for min eigedom?**

Oversikt over registrerte kulturminne og omsynssoner finn du i temakartet i kommuneplanen på www.ha.no/planar/kommuneplan
Automatisk freda kulturminne finn du på www.temakart-rogaland.no

Steg 2 **Kven skal eg kontakta for rettleiing?**

Kontakt kulturvernavingdelinga i Hå kommune: kulturvern@ha.kommune.no

Steg 3 **Kven søker eg til?**

Søknaden sender du til kommunen: teknisk@ha.kommune.no

Har du spørsmål kan du kontakta servicetorget eller ta direkte kontakt med kulturvernavingdelinga på e-post: kulturvern@ha.kommune.no



Anbefalingar

Det beste vernet for eit bygg er å verta brukt og regelmessig vedlikehalde. Hovudutfordringa for eigarar av historiske bygg er å ivareta preg og karakter ved renovering og utvikling. Ved utbetring av historiske bygg er utgangspunktet alltid å behalda mest mogleg av den originale bygningen.

Kommunen anbefaler å leggja desse prinsippa til grunn:

- Når du reparerer eller utviklar eit historisk bygg for moderne bruk er det viktig å ta utgangspunkt i gamle bilete.
- Det er betre å reparera ein bygningsdel enn å skifta han ut med ein ny.
- Viss utskifting er naudsynt bør dei nye bygningsdelane vera identiske med dei opphavlege.

Kommunen ønsker å leggja til rette for at eldre kulturmiljø kan leva side om side med nyare bumiljø, og legg vekt på desse punkta ved vurdering av tiltak:

- Tilstrekkeleg avstand til kulturminne ved fortetting.
- Nybygg kan godkjennast innanfor kulturmiljø dersom verneverdiane i området ikkje vert reduserte.
- Med tidsriktig detaljering kan eit verna bygg framhevast slik at området sin opphavlege karakter og identitet vert teken i vare.

Kulturminne og -miljø har ein eigenverdi, og ei gjennomtenkt satsing på forvalting og bruk kan bidra til nærings- og samfunnsutvikling:

- Gjennom bevaring og gjenbruk av bygningsmiljø og anlegg i eit langsiktig perspektiv vil det vera lønsamt å bevare meir av eksisterande bygg framfor å bygga nytt.
- Ved funksjonsendring og gjenbruk av private-, offentlege- og næringsbygg er det viktig å synleggjera bygget sin opphavlege fasade og bygningsform.



Ved å samanlikna årringane på dei to kledningsborda i midten på biletet over kan vi sjå at det seintveksande treet brukte tjue år på å verta like tjukt som det hurtigveksande vart på to og eit halvt.

Foto: Herwig Pommeresche

Produktkvalitet og klimaendringar

Klimaet på Jæren har endra seg. Vintrane er varmare og våtare, og vindstyrken har auka. Desse endringane har ført til aukande problem med fukt og råte i mange eldre bygg.

Det er viktig å investera i gode materiale med betre kvalitet og lengre levetid. Gode kvalitetsdører og -vindauge av kjerneved er meir stabile og varer mykje lengre enn dei som er laga av hurtigveksande tre.

Jamleg vedlikehald i form av maling, reparasjon og utskifting er eit viktig bidrag til betre vern mot endra vêrforhold.

Yttervegg – kledning og listverk

Kledningen er huset sine klede og ein vesentleg del av huset sin identitet. Kledningen kan fortelja mykje om alder og historie. Panelet har og ei viktig funksjonell oppgåve, nemleg å beskytta dei bærande konstruksjonane mot fukt og råte.

- Den originale panelprofilen (kledning og listverk) bør vidareførast, og så mykje som mogleg av det originale treverket bør brukast.
- Bruk høvla panel som gir ei glatt overflate og dermed betre beskyttelse.
- Kjerneved er naturleg impregnerert. Grunning og maling er tilstrekkeleg for å halda kledning og listverk intakt.
- Fargebruken bør vera i tråd med dei opphavlege fargane på bygget, eller i fargar som understrekar dei historiske karaktertrekka.
- Unngå bruk av fugemasse. Med godt handverk i overgangane mellom kledning og vindaug bør dette ikkje vera naudsynt.
- Av miljøomsyn fråår Hå kommune å nytta impregnerte materiale.

Vindauge

Vindauga fortel mykje om bygget sin alder og historie. Saman med dørene og taktekkinga gir vindauga karakter til huset. Det skal ikkje store endringar til før den arkitektoniske balansen vert forstyrra. Vindauga påverkar òg interiøret når det gjeld plassering og lys.

- Hus bør behalda vindaugstypen og -forma dei vart bygde med.
- Vindauge bør reparerast framfor å skiftast ut. Eventuelt nye vindauge bør vera like dei originale i storleik, utforming og utsjånad.
- Utvendig listverk bør ikkje endrast ved utskifting av vindauge og bruk av fugemasse bør unngåast.
- Vindauge laga etter 1920 har ofte industrielt produsert glas. Vindauge laga før 1920 bør sjåast på som verdifulle på grunn av måten lyset passerer gjennom det ujamne glaset.
- Vindauge produsert før 1940 er som regel laga av solide materiale av kjerneved. Difor er det viktig å prøva å reparera desse, og dei bør sjåast på av fagkyndige før dei eventuelt vert skifta.
- Hå kommune gir råd og økonomisk støtte til restaurering og vedlikehald av vindauge.

Ytterdør

Det er vanskeleg å finna prefabrikkerte dører som stilmessig passar i hus frå før 1900.

- Så langt det er mogleg bør dei originale dørene reparerast.
- Betre varmeisolasjon kan oppnåast med tettingslister.
- Må døra skiftast, bør du velja ei dør i same stil.
- Portalar og innramming bør ikkje endrast ved utskifting av dører.
- To-fløya dører bør alltid vera symmetriske.



Tak og taktekking

Tak

- Taket og taktekkinga bør i størst mogleg grad tilbakeførast til huset sin originale stil.
- Ved avslutting av taktekking mot gavlar bør det nyttast vindskier eller dekkbord av gamal type.
- Takpanner som "bøyer seg over" gavlen er ikkje tillate, med unntak der det kan dokumenterast at løysinga var brukt opphavleg.
- Alle takrenner bør vera i sink eller aluminium.

Pipe

- Pipa bør i størst mogleg grad tilbakeførast til huset sin originale stil.
- Gamle piper var ofte omfangsrike. I dag kan vi mura dei slankare, men dette gir feil utsjånad. Ta omsyn til den originale forma når du fornyar pipa.
- Detaljar bør ikkje rasjonaliserast vekk når pipa vert renover.

Uthus/garasje

Uthus og garasjar bør i størst mogleg grad tilbakeførast til bygget sin originale stil. Tradisjonelt har det vore eit viktig hierarki mellom bygga på ein eigedom.

- Enkelte av dei gamle uthusa kan ha potensiale for ombygging til bustad eller garasje.
- Uthus har ei enklare detaljering og var tradisjonelt mindre forseggjorte enn hovudbygga.
- Ein tradisjon som kan vidareførast er å gjenbruka vindauge og dører frå hovudhus på uthus.
- Uthus kan ha anna fargesetting enn hovudbygget.

BYGGESKIKK I HÅ

Omgrepet byggeskikk vert nytta om bestemte grunnpreg eller måtar å bygga og utforma hus og husgrupper på. Byggeskikken er gjerne knytt til ein stad eller region. Byggeskikken kan vera inspirert av impulsar frå arkitektur, og omvendt.

Byggeskikk er ikkje eit statisk omgrep, det utviklar og endrar seg over tid. Hå kommune har gode eksempel på fleire av dei ulike kjende norske arkitektoniske stilane. Mange av desse er knytte til landbruk eller tettstadutvikling.

Her følger ei kort beskriving av byggeskikk og arkitektoniske stilartar som er nytta i Hå, og kva for element det er viktig å ta vare på.



Gardsanlegg

Hå er ein landbrukskommune med gardsanlegg frå fleire tidsperiodar. Eit særmerke ved gardstuna på Jæren har vore eit lite bustadhus og fleire driftsbygningar med ulike funksjonar. Etablering av store samdrifter på 2000-talet førte til oppføring av langt større driftsbygningar.

I dag er det mogleg å byggja hus som passar inn i jærlandskapet på ein harmonisk måte, utan at vi må fira på krava til funksjon og rasjonalitet.

Kjenneteikn

- Gardane står ofte aleine i landskapet og har ein struktur prega av utvikling over tid.
- Desse kan inkludera løer teikna av Norheim eller Musland. Begge desse løe-typane var breie og bygde med mykje betong og stål; solide betongklossar. Dei kunne lett utvidast og forlengast i begge endane, eller med ein vinkel. Mange av desse driftsbygningane er framleis i bruk.

Viktig å ta omsyn til

- Verna enkeltbygg som utgjer ein del av eit gardstun, skal vurderast særskilt ved søknad om tiltak etter plan- og bygningslova.
- Stordriftsanlegg bør trekkast bort frå gardstuna og utgjera eigne visuelle og fysiske einingar.
- Dersom stordriftsbygningar skal leggjast i nærleiken av eksisterande gardstun bør dei plasserast slik at dei ikkje kjem i konflikt med den eksisterande strukturen, men om mogleg støttar opp om denne.
- Nybygg skal ta omsyn til verna bygg i området når det gjeld byggelinje, fasadelengd, byggehøgde, utforming og materialbruk.
- Ved etablering av nybygg i eit kulturmiljø bør nye bygg ha same plassering, fasadelinje og volum som eksisterande tilgrensande bygningar.



Alle steingardar i Hå kommune er verna. Rogaland fylkeskommune har kartlagt steingardane. Dersom ein ynskjer å fjerna steingardar og steinrøyser må dette søkjast om til landbruksavdelinga i Hå kommune som "Tiltak i kulturlandskapet".

Jærhus

Jærhus er ein særprega hustype som er typisk for Jæren. Dei representerer ein ubrotten byggetradisjon: På 1800-talet var denne byggeskikken den vanlegaste på Jæren, men frå byrjinga av 1900-talet byrja andre hustypar å dominera. Etter andre verdskrigen og fram til 1980-talet vart svært mange jærhus rivne. I dag står det att om lag 100 jærhus, og av desse er 66 lokaliserte i Hå kommune.

Kjenneteikn på klassisk jærhus

- Eit lågt hus i halvannan etasje i hovudsak bygd før 1900 (ca.1700-1800)
- Har skutar – kalde eller halvkalde rom utanfor den tømra kjernen på kvar kortside
- Midtgangshus med gang/kjøkken, to stover på kvar side og to kammers bak.

Kjenneteikn på jærhusstil

- I hovudsak bygd rundt 1900 og seinare.
- Skutar er nytta som ei integrert utviding til eit lite hus.
- Jærhuset sin eigenart er nytta for estetisk tilpassing i miljø og landskap.

Viktig å ta omsyn til

- Jærhus skal som hovudregel bevarast og bygningane bør ikkje rivast.
- Bygningane si form, fasadeuttrykk, materialbruk, detaljar og fargar må behalde noverande utføring eller tilbakeførast til ei tidlegare dokumentert utføring.
- Før søknadsbehandling bør det vurderast om opphavlege bygningsdelar kan reparerast eller restaurerast i staden for å skiftast ut.



Jærhus er nasjonalt prioriterte kulturminne. Hå kommune er ein aktiv samarbeidspartner som gir råd og økonomisk støtte til restaurering og vedlikehald.

Klyngetun

Klyngetun er ein særprega tunform for Sørvest-Norge og Hardanger. Andre landsdelar har andre tunformer som for eksempel firkant- og rekketun. Dessverre er det få klyngetun att i Hå kommune i dag. Men eit par stader finn ein framleis desse særprega tuna.

Kjenneteikn

- Fleire bygningar og gardsbruk samla i eitt tun, tett inntil kvarandre.
- Steingardar og vegar (ræge) som gjekk ut frå tunet og gjerda inne kvart bruk.
- Innhusa ligg nokså samla mot sentrum av tunet, medan uthusa er bygde i utkanten.
- Mange hus står framleis, eller dei er bygde på same stad som eldre hus.

Viktig å ta omsyn til

- Ta vare på dei gamle steingardane.
- Ta vare på tunstrukturen.
- Helst bør stordriftsanlegga trekkast bort frå klyngetun og utgjera eigne visuelle og fysiske einingar.
- Dersom stordriftsbygningar skal leggst i nærleiken av eksisterande klyngetun bør dei plasserast slik at dei ikkje kjem i konflikt med den eksisterande strukturen, men om mogleg underbygger denne.

Kystkultur

I kommuneplanen er 56 kystkulturminne registrerte og verna. Kulturminna inkluderer bygg i tilknytning til hamner, fyr, naustmiljø, støer og sjøgardar. Dei aller fleste blir godt vedlikehaldne av private og offentlege eigarar. Det er balanse mellom individuelle kystkulturminne med private eigarar og dei større historiske anlegga som vert tekne i vare av det offentlege. Obrestad fyr og Obrestad hamn er nasjonalt freda.

Kjenneteikn

- Naust og støer har variert materialbruk grunna ulike økonomiske forutsetningar gjennom tidene. Dette skaper eit særprega kystkulturmiljø.
- Krigsminne langs heile kyststrekninga frå Nærland til Vedafjellet som ein del av «Festung Norwegen»
- Sjøgardar sør for Sirevåg med småskalanæring som kombinerer land og sjø.

Viktig å ta omsyn til

- Velhaldne bygningar bidreg til ei levande hamn med aktivt fiskemiljø.
- Stein- og trenaust er viktige identitetsskapande element i Hå.
- Byggeskikken langs kysten har endra seg over generasjonar og vil fortsetja vidare.
- Naust og stø som står aleine treng meir vedlikehald.
- Ivareta variert materialbruk på naust og sjøbuer.



Hå kommune er ein aktiv samarbeidspartner som gir råd og økonomisk støtte til restaurering og vedlikehald av kystkulturminne.

Tettstadane

Før Jærbanen kom var det ikkje ein einaste tettstad i Hå. Tettstadane langs jernbanen, Sirevåg, Ognå, Brusand, Vigrestad, Varhaug og Nærbø, syner bustadar, begynnande næringsverksemd og offentlege bygg som dannar ein historisk kjerne i samfunnsutviklinga.

- Nærbøgata er det einaste nokolunde intakte gatemiljøet på Jæren frå førkrigstida. Dei fleste husa er verna i ei samanhengande omsynssone.
- På Vigrestad finn vi ein rest av gammalt stasjonsmiljø.
- Brusand har ei gate med bustadar frå tidleg 1900-tal ved jernbanestasjonen.
- Ognå har eit flott utval av hus i sveitserstil.
- Bygningane i Sirevåg indre hamn inkluderer jærhus, hus i jugendstil og sandneskasse.

Kjenneteikn

- Utvalet av bygningar viser variasjonen og kvaliteten på bygningar som kom i kjølvatnet av jernbaneutbygginga.
- Kvar tettstad har sin eigen karakter som ofte er definert av den eldste bygningsmassen.

Viktig å ta omsyn til

- Eigenarten og særpreget til vedlikehaldne eldre bygningar fungerer som landemerke og bidreg til stoltheit og tilhøyrskjensle. Dei mangfaldige arkitektoniske stilane bør integrerast og brukast vidare som identitetsdannande strukturar i Hå kommune.
- Kombinasjonen av nytt og gammalt blir sett side om side.
- Ny bruk av gamle bygningar blir gjort ved å finna nye funksjonar som passar dagens samfunnsbehov.



Til saman 62 kulturminne i tettstadane er verna i kommuneplanen. Utvalet inkluderer bygningar med arkitektoniske stilar frå 1800- og 1900-talet.

ARKITEKTONISKE STILARTAR I HÅ



Holmane, byggeår 1700-talet

Klassisisme ca. 1790–1875

I Hå er det nokre få bygningar som er bygde på 1800-talet. Hus i stilen klassisisme er ofte forholdsvis små og symmetriske med inngangsdør på midten og like mange vindauge på kvar side. Stilen har to grupper; Louis Seize har eit lettare og enklare preg. Empire er gjerne tyngre og strengare. Begge har former og ornament inspirerte frå antikken. I enkle bustadhus glir dei to retningane nesten saman.

Viktige element

- Nokså små hus, ofte i halvannen etasje med låge etasjehøgder og låg grunnmur.
- Ark som ofte begynner heilt oppe på mønet og fluktar med yttervegg.
- Saltak som nesten er utan takutstikk, med krumme, raude teglpanner på taket. Pipa er stor, kvadratisk og midt på mønet.
- Vindauga er to-rams med midtpost. Større hus har krysspostvindauge med ei sprosse i nedre ramme.
- Hovuddøra er tofløya, ofte med kvadratiske fylling og overlysfelt.
- Kledning er enkeltfalsa med enkelt listverk.



Jonsahuset, byggeår 1890

Sveitserstil - ca. 1865-1910

Sveitserstilen var inspirert av folkeleg byggeskikk i alpelanda. Stilen vart særskild populær i andre halvdel av 1800-talet. Dei mest forseggjorte sveitserhusa har dekorative utskjeringar og framtrudande verandaar. Nye trearbeidsmaskinar gjorde det mogleg med rask produksjon av profilerte lister, knektar og andre dekorelement. I Hå har me eit godt utval hus i sveitserstil.

Viktige element

- Større hus enn dei klassisistiske. Rektangulært eller korsforma grunnplan, god etasjehøgde og nokre gonger høg grunnmur.
- Tak med takutstikk. Synlege, dekorativt forma åsar og sperr, skifer eller flate teglpanner. Piper, ofte to eller fleire.
- Vindauge har krysspost.
- Hovuddøra er tofløya med fyllingar og overlysfelt.
- Kledning er profilert med dobbeltfalsa staffpanel.
- Listverk med «klossar» eller konsollar under vassbretta.

ARKITEKTONISKE STILARTAR I HÅ



Skandsabakken, byggeår 1916

Jugendstil og dei første ferdighusa - 1900-1920

Jugendstilen var inspirert av organiske former i naturen. Den tyske retninga var enklare og meir geometrisk i forma enn den franske Art Nouveau, og gjekk bort frå «overdriven» ornamentikk. Mens sveitserhus har rette takflater og tak med stort utstikk, har jugendhus ei mjukare takform som liksom pakkar seg tett rundt huset. Den samtidige sandneskassen var ein meir enkel og nøktern bustad, laga som ferdighus av Block Watne frå ca 1900. Det er fleire sandneskasser enn jugenstilhus i Hå kommune og eit utval av desse er verna.

Viktige element

- Hus i halvannan etasje. Klar hovudform, symmetrisk hovudfasade, ofte med mindre utbygg.
- Tak (jugendstil), valma saltak eller heil- eller halvvalma mansardtak med taktekking av skifer eller teglstein, ofte glasert og med eigen, tidstypisk profil.
- Vindauge, to- og tre-rams krysspost med smårutete rammer i øvre del.
- Hovuddør (jugendstil), innfelde fyllingar i ulike format, som regel med smårutete vindaug i dørbladet.
- Kledning, liggande, profilert panel. Delar av veggen kan ha ståande panel.

Nyklassisisme - 1920-1930

Mellom jugend og funksjonalisme har vi ein kort periode med nyklassisisme og nybarokk. Førebilete er eldre, norsk panelarkitektur. Bygningane kan ha både klassisistiske og barokke trekk og i tillegg innehalda element frå jugendstilen.

Viktige element

- Hus i halvannan etasje. Klar hovudform, symmetrisk hovudfasade, gjerne med midtstilt ark.
- Tak, bratt saltak, ofte med svai ved takfoten, taktekking av skifer eller teglstein, ofte svart, glasert og med eigen, tidstypisk profil.
- Vindauga er to-rams og smårutete, som regel med fire ruter i høgda.
- Hovuddøra er tofløya med stort glasfelt i begge dørblad. Markerte dørportalar.
- Kledning er ståande tømmermannspanel med staff eller liggande, pløgd staffpanel.



Nærbø prestegard, byggeår 1919

ARKITEKTONISKE STILARTAR I HÅ



Heradshuset, byggear 1939

Funksjonalisme - 1930-1945

Funksjonalismen bryt med tidlegare bygningsstiler. Bygget si form er bestemt av funksjonen. Fasaden skal avspegla planløysinga. All dekor forsvinn. Nye materiale (eks. betong) og konstruksjonar vert teke i bruk. Tidlege bygningar kan innehalda element av nyklassisisme.

Viktige element

- Bygningar med enkel hovudform, men gjerne òg samansett, asymmetrisk form.
- Tak er flate, slake pulttak eller slake heilvalma tak, men òg saltak. Taktekking av skifer. På flate, eller tilnærma flate tak, nyttast takpapp
- Vindauga er to- eller tre-rams utan sprosser. Gjerne i rekke og heilt ut i hjørna på huset.
- Hovuddøra er enkel med sentralt plassert glasfelt. Gjerne ulike material- og fargesamansetningar.
- Listverket er enkelt rundt vindauge og dører.
- Kledning er liggande, skråskjært ytterpanel utan hjørnebord.

Etterkrigsfunksjonalisme - 1945-1960

Under gjenreisinga av Noreg etter andre verdskrig fekk bygningane ei enkel utforming, inspirert av tradisjonell byggeskikk. I dei første åra etter krigen blei dei fleste bustadane bygde som tomannsbustadar for å avhjelpa bustadmangelen i landet.

Viktige element

- Bygning med enkel hovudform og rektangulær grunnplan.
- Tak er saltak eller heilvalma tak med takteking av skifer, teglstein, sementstein eller asbestsementplater (eternit)
- Vindauge er to- eller tre-rams utan sprosser. Hovudvindauge i stove kan ha avvikande format. Ut over 50-tallet blir eitt-rams vindauge utan sprosseinndeling vanleg.
- Hovuddøra er enkel med sentralt plassert glasfelt, ofte framandt trevirke, til dømes mahogni.
- Kledninga er liggande, skråskjært utan hjørnebord eller liggande, dobbeltfalsa panel.



Sandroen, byggeår 1963

ARKITEKTONISKE STILARTAR I HÅ



Håvegen, byggeår 2013

Nyare byggeskikk frå 1975

Nokre gode og representative bygningar frå slutten av 1900-talet og 2000-talet er verna i Hå kommune grunna god tilpassing og arkitektur. Desse bygga er gode døme på dagens og framtidas jærské byggeskikk.

Viktige element

- Arkitektane har synt å verdsetta omgivnadane og landskapet rundt bygningane.
- Bygga har ei planløyising som fungerer godt både når det gjeld funksjon og estetikk.
- Fasadeløysingane gir bygget karakter, eller identitet, som både er spanande for den forbipasserande og har ein heilskapleg integritet.



Kommunale føresegner Oppdatert juni 2024

1. Alle plan- og byggesaker, òg i sjø, vatn og vassdrag, skal vurderast opp mot kulturminne. I plan- og byggesaker skal konsekvensar av tiltaket og moglege avbøtande tiltak for eventuelle kulturminneverdiar beskrivast.
 - a. Der automatisk freda kulturminneverdiar kan bli råka, skal saka leggst fram for regional kulturminnemyndigheit, jamfør kulturminnelova §§ 3, 8 og 9.
 - b. Der nyare tids kulturminne vert råka skal kommunen si kulturminnefaglege vurdering innhentast. Saker av prinsipiell betydning skal vidaresendast regional kulturminnemyndigheit til uttale før behandling.
 - c. Nye tiltak i listeførte kyrkjer sine nærområde skal behandlast av fylkeskommunen.
 - d. Tiltak utan plankrav, i høve § 2.2, skal leggst fram for regional kulturminnemyndigheit for vurdering, jamfør kulturminnelova §§ 3, 8, 9 og 14.
2. Bygningar, anlegg, strukturar, miljø og landskap som har særleg kulturhistorisk verdi skal som hovudregel bevarast.
3. I samanhengande kulturmiljø skal både bygningar og miljøet sin samla verneverdi og særpreg takast i vare.
4. Ved brann eller annan uoppretteleg skade i bevaringsverdige, heilskaplege miljø skal nye bygningar ikkje føra til svekking av verdien og eigenarten til kulturmiljøet.
5. Rettleiaren for kulturminne i Hå "Å eiga eit kulturminne" skal vera førande for saksbehandling og vedlikehald.
6. Temakart Kulturmiljøsoner er juridisk bindande. Område og enkeltelement avsett i dette og område innanfor omsynssone H570 i arealplankartet er verna, og skal følgja krava ovanfor.

Oppdaterte føresegner finn du på <https://www.ha.no/planar/kommuneplan/>.

Nasjonalt lovverk

Kulturminnelova

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>

Plan- og bygningslova

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71?q=Lov%20om%20planlegging%20og%20byggesaksbehandling>

Andre aktuelle lenker

Restaurering og vedlikehold

Riksarkivet sitt kulturminnearkiv «Askeladden»

<https://www.riksantikvaren.no/veiledere/askeladden/>

Bygg og Bevar

<https://www.byggogbevar.no/>

Riksantikvar informasjonsark

<https://www.riksantikvaren.no/veileder/bygninger-og-anlegg-samling-av-informasjonsark/>

Tilskotsordninger

Hå kommune

<http://www.hagamleprestegard.no/kulturvern/tilskot-til-rehabilitering/>

Kulturminnefondet

<https://kulturminnefondet.no/>

Rogaland fylkeskommune

<https://www.rogfk.no/vare-tjenester/stotte-stipend-og-priser/okonomisk-stotte-og-stipend/kulturminner-og-vern/>

Norsk kulturarv (Ta et tak)

<https://kulturarv.no/ta-et-tak/>

Riksantikvaren

<https://www.riksantikvaren.no/>



www.ha.kommune.no